

Til  
Tage Båtsvik / Organisasjonsdirektør HR-ORGSTAB-ODU, Linn Melby Meyer / HR - Rekruttering

Vår ref.:  
22/00166-6

Dato:  
24.08.22

## IDF møte 5/22

**Dato:** 22. august 2022 klokken 12.30 -14.45

**Stad:** Zoom

**Referent:** Wenche Fjørtoft

### Deltakrar:

#### Arbeidsgjevar:

Gunnar Yttri	Rektor (møtte på styresakene)
Tage Båtsvik	Organisasjonsdirektør
Wenche Fjørtoft	Avdelingsleiar HR
Espen Fosse	Avdelingsleiar Avdeling for studieadministrasjon (sak om studentopptaket)
Ragnhild M. Ylvisåker	Seniorkonsulent ved Avdeling for studieadministrasjon (sak om studentopptaket)

#### Arbeidstakar:

Eva Leirbæk	Parat
Gjert Anders Askevold	Forskerforbundet (FF)
Aslaug Furholt	Utdanningsforbundet (UTDF)
Tone Skjerdal	Norsk Tjenestemannslag/LO Stat (NTL)
Nina Samnøy	Akademikerne
Karin Bell	Hovudverneombud

## 22/22 Godkjenning av innkalling og sakliste

Det var ingen merknader til innkallinga eller sakslista.

### INFORMASJONS- /DRØFTINGSSAKER

#### 23/22 Saker til styremøte

## **Styremøte:**

### **25/22 - Møteplan for Høgskulestyret 2023**

Rektor orienterte.

### **O-30/22 - Orientering om oppfølginga av styrets årsplan 2022 og prosessen med ny plan**

Rektor orienterte.

### **O-31/22 - Etatsstyring 2022: Kunnskapsdepartementets tilbakemelding på HVL sine ambisjonar og måloppnåing**

Rektor orienterte.

Parat stilte spørsmål om korleis det vert jobba studentane si oppleving av studiekvaliteten. Rektor seier at dette vert det jobba med i alle ledd og at det er planar for dette arbeidet. T.d. så er det viktig å gå fram studentengasjement gjennom studenttillitsvalde slik at studentane kan kommuniserer godt med høgskulen.

NTL spør om korleis arbeidet med vurdering av rekrutteringsprosessane i Høgskulen går.

UTDF har ei grunnleggjande bekymring for studiekvaliteten. Det er stort trykk på topp og førstekompetanse og kostnadene dette har. Går det ut over studentane? Er merksemda på å rekruttere første- og toppkompetanse så stor at det går over studiekvaliteten? Vert studentane gløymt?

HVO stiller spørsmål ved ressursutvikling og karriereutviklinga i HVL. Det er viktig å behalde kvalifiserte fagfolk.

### **O-32/22 - Styret møter Studenttinget**

Rektor orienterte: Vi har flinke og engasjerte tillitsvalde i HVL, men grasrota uteblir. Det vert retta stor merksemd mot å rekruttere studenttillitsvalde framover.

Parat: Det er fint å få studentengasjement og deltaking i råd og utval. Vi må introdusere studentane på ein god måte slik dei forstår kva rolle dei har i utvala.

## CT-7/22 - Campusrelevant tema: Gaming/e-sport i idrettsutdanning

Rektor orienterte.

### O-33/22 - Orienteringar frå rektor - styremøte 05/2022

Rektor orienterte om:

- Statsbudsjettet og ny finansieringsordning vil bli kunngjort i oktober.
- HVL ta eit ekstra tak i Rabino-seminaret.
- Nytt Studentombod er på plass: Gøril Hillersøy.

HVO: Det er vesentleg å ivareta Studentombodet. HVO inviterer Studentombodet til felles kaffi ein gong i månaden.

- Master i sosialvitenskap opnar i august.
- Første doktorpromosjonen ved HVL vil skje i september
- Orientering om opptaket pr 15.08.22 blir ettersendt styret som orienteringssak.

Avdeling for studieadministrasjon (ASA) presenterte opptakstala.

FF: Tala ser dramatiske ut for campus Stord. Er det studium som står i særstilling?

ASA seier at det vil kome meir informasjon i saka, men det er ikkje vore tid til analyser i denne saka.

Kva er utfordrande?

Parat: Ser det same på Stord og i Førde. Finst det andre opptak som kan betre tala?

ASA seier at ein ikkje veit noko om dette no.

Rektor seier at ei nærare analyse må kome seinare. Talgrunnlaget er viktig som grunnlag for analysen seinare.

HVO: Håper at HVL er «på» i høve suppleringsopptaket.

ASA samarbeider tett med fakulteta som bestemmer kapasiteten og kor mange dei kan ta imot.

Veldig mange trekkjer no høvet til å søkje opne studieplassar fordi studia er i gang. 14 dagar etter studiestart er det vanleg å stenge suppleringsopptaket.

## O-34/22 - Referatsaker - styremøte 5/22

.....

### Andre saker:

24/22 Oversikt over starta og slutta 11.06.2022 – 18.08.2022

UTDF opplever at det er mange som sluttar i HVL.

Organisasjonsdirektøren viser til at vi har sett på dette tidlegare og at det har vore ein normal turnover ved HVL. Vi har ikkje gjort analyse i høve til desse tala, men kan kome tilbake med ei analyse seinare.

FF: Seier det same og opplever at det er mange som har sagt opp stillinga.

HVO: Kva betyr eksterne og utløp av stilling? Opplever at mange fleire som har slutta enn i listene tidlegare.

UTDF: I vurderingar i høve til Universitetsambisjonen vert det uttykt uro over å miste førstekompetanse/toppkompetanse. Bør derfor gjere ei analyse over situasjonen. Er det ein jamn trend eller ein aukande trend?

25/22 Gjennomgang av årshjul

- Dato for lønsforhandling vart bestemt i tidlegare møte med partsrepresentanane etter Hovudtariffavtalen.
- Personalreglement vil kome til forhandling ila hausten.

NTL: Vi må ha nokre fysiske IDF-møte. Tidsplanen bør ta dette inn.

### 26/22 Eventuelt

#### 1. Innspel frå FF om kjøp av pensumlitteratur.

Forskerforbundet stiller spørsmål om tinging av pensumbøker til fagpersonar som arbeidar ved HVL då det blir opplevd om vanskeleg og tungvindt.

Avdeling for økonomi viser til sak på vestibylen der det er laget ny rammeavtale for kjøp av bøker ved HVL. <https://www.hvl.no/Vestibylen/nyhende/2022/mars/ny-rammeavtale-for-kjop-av-boker/>.

Dette er bestillingsrutinane for HVL slik dei no ligg føre. Dette er same systemet som vert nytta for andre bestillingar og som ivaretek verksemda behov for kontroll. Det vert også noko ulik føresetnader for henting av bøker då campus Bergen og Sogndal har eigne filialar der ein kan hente bøkene.

FF ber om tydeliggjering av rutinane og oppdatering av nettsidene. Infomasjonen må vere lett tilgjengeleg. (Ligge i frå A-Å)

## **2. Innspel frå FF i saker om medraderett**

Forskerforbundet har blitt kontakta av medlemmar om saker som medlemmane har opplevd som konfliktskapande i høve prosen i byggsaker og manglande involvering i organisasjonen. Dette gjeld flytting av drivhus på Kronstad og vedlikehald av Bragebygget i Sogndal.

HVO seier at dei har vore involvert i sakene. Når det gjeld drivhusest så var det ein dårleg prosess med lite informasjon. Informasjonen bør kome frå leiinga.

Svar frå Avdelingsleiar ved ADU (Avdeling for drift og utvikling):

### **Drivhuset på Kronstad**

Flyttinga av drivhuset (FLKI) på Kronstad kom som eit svar på at FLKI og fagmiljøet har lagt fram eit ønskje om å bygge klimahus der drivhuset no låg. For å få til det eine dei ber om, måtte man flytte på andre. ADU har i denne prosessen, sidan bestillinga kom frå FLKI sett for seg at prosessen og informasjonskanalar skulle vere på fakultetet.

Ein ser i ettertid at det ble gjort ei glipp i informasjon og oppfølging og vil ta lærdom i dette og ta dette med vidare. ADU har i HVL mange store prosjekt og av-og-til kan det glempe med tanke på oppfølging.

### **Bragebygget i Sogndal:**

Dette er ein prosess HVL ikkje har hatt kontroll over, men statsbygg som har hatt kontroll. Det har vore snakk om bytting av tak grunna asbest og luftlekkasjar.

Før sommaren hadde leiinga (Laastad og Skugstad) møte med Statsbygg der det var sagt at ein ikkje skulle starte arbeidet før ferien, men halvanna veke seinare meldte huseigar frå om at arbeidet skulle startast tidlegare. ADU fekk etter samtalar med statsbygg utsett oppstarten noko slik at det var tid for å informert tilsette.

Einingsleiar Laastad viser til at det har blitt sendt ut informasjon der tilsette der det var sagt at de tilsette kunne vere i Bragebygget under vedlikehaldsarbeidet, men at ventilasjonsanlegget ikkje kunne nyttast og vidugar ikkje kunne opnast, eller at dei i perioden fram mot ferien kunne ha heimekontor. I tillegg var det gitt tilbod til dei tilsette om å nytte seg av kontorplassar i dei andre bygga i Sogndal, eit tilbod fleire av dei tilsette tok i mot.

ADU viser til at måten Statsbygg la fram vedlikehaldet på, ikkje er godt nok. Men det er noko ikkje HVL kan styre, men at ADU har prøvd å ivareta alle forholda.

## **3. Kompetansehevingsmidlar til TA-Personale**

FF stiller spørsmål ved korleis kompetansemidlane for teknisk administrative (TA) tilsette vert fordelt. Mange tilsette er ikkje kjende med midlane. FF spør om korleis HVL sikrar ei systematisk kompetanseheving for administrativt tilsette, og stiller spørsmål ved om det rett måte å fordele midlane på. Dei etterlyser ein plan for kompetanseheving til TA-personale. Er det mogeleg å få ei oversikt over korleis desse midlane er nytta dei 2-3 føregåande år?

ORGdir orienterte om endringa og ordninga der midlane vert fordelt til einingane etter tal årsverk. Midlane vert nytta lokalt og planlagt saman av leiing og tilsette. Kan variere kor godt kjent dette er. Vi skal gjere ei vurdering av ordninga fram mot budsjettet.

FF stiller spørsmål ved om ein skal dele tynt ut, eller skal prioritere område.

Parat: samd med FF. Det er lite med kr 2000 pr tilsett. Når ein har fordelt mange «pottar» ut så kan ein risikere at midlane ikkje er brukt.

#### **4. Avtale om heimekontor:**

Spørsmål frå FF: Det er nyleg inngått ei ny avtale om heimekontor, kan leiinga seie noko om omfanget av enkeltavtaler som er oppretta?

ORG dir: Vi har ikkje eksakt oversikt over tal avtalar, men vi meiner det er eit fåtal. Tilsette nyttar seg av fleksibiliteten som er mogeleg.

Parat: dei fleste leiarar handterer dette som ei fleksibel ordning. Det vert opplevd at det vert handtert ulikt mellom leiarane. Nokre strekkjer seg langt i fleksibilitet, andre ikkje. Ein bør ha ei felles forståing mellom leiarane slik det blir opplevd ulikt.

NTL får same tilbakemeldinga. Nokre leiarar er strenge og ein må argumentere for kvifor ein ynskjer sporadisk heimekontor. Det vert opplevd som eit problem når leiarar er kontrollerande i staden for å ha tillit til den tilsette som utgangspunkt.

FF seier at nokre leiarar er fleksible og nokre er svært strikte. Ønskjer å sjå kor mange avtalar vi har.

HVO: Kriteria for 1-2 dagar heime er strenge. Må konkretiserast meir.

Orgdir: Retninglinene er diskutert med tillitsvalde og med leiarar og i administrativt leiarforum. Vi har hatt dette oppe i mange samanhengar, sist i fellesmøte i juni. Ønskjer erfaringsutveksling. Nokre leiarar ønskjer endå meir tydelegheit, andre er svært komfortable med ordninga slik ho er.

Ein må gjere skjønsvurderingar og behandle sine tilsette i høve oppgåver, behov osv. Det er vanskeleg å unngå at ting blir opplevd ulikt. Har stor tru på den fleksible og tillitsbaserte ordningar. Ordninga med stor grad av fleksibilitet og høg terskel for avtale må få virke ei stund.

UTDF: Må oppfordre leiarar til å stole på at tilsette gjer gode vurderingar. Må ta sakene når det blir eit problem.

Parat: skilje mellom sporadisk og fleksibilitet. Dei som ikkje får heimekontor må få ei god grunngjeving for kvifor ein ikkje får dette innvilga. Kan ein lage oversikter der tilsette legg inn tidspunkta for å vere til stades og å jobbe heimefrå?

Org dir: dette er det ymse tilfredsheit for. Leiar må vurdere om det er riktig vurdering av den tilsette. Vi skal vidareformidle at dette handlar om tillit, men også om å ta eit leiaransvar.

HVO: Nokre tilsette kan ha utfordringar av ymse art og det er ønskjeleg å sjå den tilsette (ved rusproblematikk og andre utfordringar)

#### **5. Tilrettelegging av K2 ved funksjonsnedsettingar**

FF seier at mangelen på tilrettelegging i K2 gjer at tilsette med funksjonsnedsettingar føler seg meir handikappa enn det hen eigentleg er.

Orgdir- vanskeleg å ta i dette møtet. Det er laga rutinar og prosedyrar:  
<https://cp.compendia.no/hvl/hms-handbok/863010#openstep=863011>

FF: Det prinsipielle er tilrettelegging. Er i prosess med å gjere livet enklare å ta seg fram. Det må vere Universell utforming i alle etasjar i K2.

Akademikerne: K2 har overraskande dårleg universell utforming til å vere eit nytt bygg. Ein bør rette på bygget og ikkje flytte nokon vekk frå miljøet ein er ein del av.

HVO har sendt ei sak til toppleiinga om Universell utforming. Ein skal greie seg sjølv utan å få hjelp av andre. Blindeskrift og tape er ikkje nok. Vi må vite kva universell utforming er, også den tekniske sida av saka.

## **6. Sak som vert utsett: Innspel frå FF om Oppstart og bemanning ved PPU Bergen og Stord**

## **7. Deltaking i leiarutviklingsprogrammet "Vinn-Vinn"**

Orgdir: informerte om innhaldet. Arbeidsmiljøkartlegginga ARK viser at det er krevjande å vere leiar i HVL. Ein del går frå å vere kollega til å vere leiar. Programmet «Vinn vinn» skal setje leiarar i stand til å leie: relasjonsleiing osv. Vi har rammeavtale med AFF som har laga eit program.

Leiarar på nivå 4 i fakulteta vert prioritert ved første opptak. Administrative leiarar vert prioritert andre opptak i februar 2023.

NTL seier det er ønskjeleg å bli informert om når ein vel ei løysing med bruk av eksterne. Kva var vurderinga av at ein ikkje går vidare med programmet som vart utvikla av HVL?

Orgdir seier det kan vere nyttig å bruke eksterne og at innhaldet i komande program krevst å kjøpe tenestene. Ved neste leiingsutviklingsprogram vil ein vurdere korleis løysinga skal vere vidare framover. Vi manglar kapasitet på området no. På nokre område kan det vere tenleg å hente inn eksterne. Vil kome tilbake til versjon 2.0 av Leiing for kvalitet.

Parat: Veldig bra tiltak og godt å få støtte for leiarane. Var det gjennomført evaluering av det første leiarutviklingsprogrammet? Evalueringa kan ikkje vente.

Orgdir: Tidlegare program vart evaluert. Realistisk sett har vi ikkje kapasitet til å følgje opp saka i haust.

UTDF: Kommentar til eksterne/interne kreftar. I ei undersøking som vart gjennomført viste at Førskulelærerutdanninga kom godt ut. Ein må vite kven ein skal leie og kva tilsettegruppe ein har ansvar for.

## **8. FF stiller spørsmål om nokon skal ut av 7.etasje i A-blokka.**

Orgdir ber om at saka blir teke opp med ADU.